

## **Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog – Vedvika, Vindafjord kommune**

Fylkesmannen sendte 23. august 2018 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog på Vedvika, Vindafjord kommune.

Det kom i alt to merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

**Stadnamntenesta på Vestlandet** har vurdert namneforslaget til naturreservatet. Dei tilrår namneforma med bunden artikkel, det vil seia Vedvika. Sentral stadnamnregister har primærnamn Vedvik, og Språkrådet reiser difor namnesak for naturnamnet Vedvika i Vindafjord kommune. Språkrådet anbefaler å venta med å fastsetja namn på verneområdet til primærnamnsaka er sluttført.

Fylkesmannen vel å følgje språkrådets si anbefaling om namnet Vedvika, men me er merksam på ein mogeleg endring i namnet etter høyring som følgje av primærnamnsaka.

**Forsvarsbygg** har vurdert om verneområdet tek omsyn til Forsvarets arealbruksinteresser. Utover unnatak for militær operativ verksemd må inn i verneforskrifta, har Forsvarsbygg ingen merknader.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering, og inkludera standard formuleringar for militær verksemd i forskrifta.

**Direktoratet for mineralforvaltning med bergmeister på Svalbard** har ingen merknader til vern av Vedvika.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

**Statens vegvesen** påpeikar at vernegrensa går langs fv. 543 og ber om at grensa ikkje hindrar drift og vedlikehald av fylkesvegen. Naturreservatet bør heller ikkje innehalde grøft eller fyllingsfot til veggen.

Fylkesmannen ser ikkje at reservatgrensa er til hinder for drift eller vedlikehald så lenge Statens vegvesen tek omsyn til naturverdiane og forskrifta til verneområdet, og er aktsame for påverknader drift kan medføre på verneverdiane. Merknaden om grøft eller fyllingsfot tek Fylkesmannen til etterretning.

**Landbruksdirektoratet** ber Fylkesmannen gjennom forskrift, høyringsdokument gjere reie for korleis omsyn til landbruk vert ivaretekne. Dei påpeikar at verneforskrifta bør inkludere bestemningar om vedlikehald av vegar og beitebruk. Landbruksdirektoratet påpeikar det bør opnast for motorferdsel i forbindelse med uttransportering av syke og skadde bufe. Landbruksdirektoratet ber Fylkesmannen om å samordne arbeide med forskrifta med landbruksavdelinga.

Fylkesmannen peikar på at reservatet inkluderer svært høge naturverdiar på eit lite område. Det er eit skogsvern området der buffersone til verdiane er marginale. Området har ikkje vore beita i nyare tid, og einaste aktivitet er knytt til statleg sikre friluftssareal i strandsona. Tilgang til dette området er sikra i utkast til forskrifta. Grunna dei høge naturverdiane knytt til skogens luftfuktige miljø er det naudsynt med eit forbod mot uttak av treverke i anna samanheng enn skjøtsel av verneverdiane. Det er ikkje skogsbilveg i reservatet, det er ikkje traktorveg for landbruk i reservatet, reservatet ligg ikkje i eit stølsområde, eller er til hinder for å kome seg til eit stølsområde. Grunneigar har ikkje beiteinteresser i skogen, og det er ikkje foreinleg med verneformålet for det foreslegne reservatet. Fylkesmannen tek landbruksdirektoratet sin oppmoding om samordning til etterretning.